



# sognefjord



2022/2023

[www.sognefjord.no](http://www.sognefjord.no)



VISIT  
NORWAY  
.NO



# Velkommen til Sognefjorden – heile året!

Sognefjorden – Verdas lengste og djupaste fjordeventyr -"Kongen av fjordane", 204 km lang og 1308 meter djup, mens fjella rundt går opp til over 1800 meter. Sognefjorden blir omtala som den mest innholdsrike- og dramatiske av alle verdas fjorder. Her møter fjorden brear og høge fjell, heilårsopne Flåmsbana – ei av verdas brattaste jernbanestrekningar, Jostedalsskibreen nasjonalpark – nord Europas største fastlandsisbre, Jotunheimen – med dei høgaste fjella i Skandinavia, norges mest kjende sykkelveg – Rallavegen, to av dei høgaste fossefalla i Skandinavia; Vettifossen og Feigefossen, UNESCO Urnes Stavkyrkje, Aurlandsdalen – kåra til norges vakraste vandretur, UNESCO fjord cruise på Nærøyfjorden, – kåra av National Geographic til verdas vakraste urørte reisemål. Kajakkpadling, bresenter, RIB-turar og overnatting med fjordutsikt. Badeanlegg, fjordpadling, familieturar på breen, museum, Vitameir senter, leikeland og mykje meir for dei minste. Her finn du mange merka turstiar og toppturar for alle. Gastronomisk rundreise i Sogn med anerkjente Ciderhuset, Sognaplanken, Vikingmeny og unike matopplevingar på hotella og restaurantane. Njardarheimr Vikinglandsby, viser autentiske vikingtradisjonar i Sogn.

Fjærlandsfjorden – verdas vakraste fjord å sjå isbrear frå -Lusterfjorden – ei perle ved foten av Jotunheimen – Årdalsfjorden – med Utladalen vandrepardis og sykkel- og vandrevegen 1000 meteren. Finnabotn – ein oase, heilt unik, heilt åleine.

Tre nasjonale turistveggar; Gaularfjellsvegen, Sognefjellsvegen frå 0-1434 moh og Aurlandsfjellet.

På hausten er det klår luft, naturen skifter ham til gul og raud farge – den beste tida for sykkel og vandring. Vinterfjorden byr på den blå timen, unik fjordlys med snøklede toppar i kontrast. Vi har blitt kåra til å ha den beste puddersnøen, det sørger den varme fjordlufta som stig opp til fjella for, Guida Randonnee tur med den beste fjordutsikta. Trugeturar, gode skianlegg, langrennsløyper, vinter RIB turar, fjordcruise og isgrotte tur under breen. Så kjem våren på besøk, med fruktblomstring med snøklede toppar.

Velkommen heim til oss i Sognefjorden! Her står mange generasjonar av lokale eigarar klar til å ta imot deg med omsorg og hjartevarme!

**Heidi Hauge**  
Reiselivsdirektør, Visit Sognefjord AS



Anestolen ©VERI Media

## Innhald

Haust og vinter	6
Sognefjorden	8
"Vandrebusar"/	
Til og frå Sognefjorden	11
Nasjonale turistveggar	12
Breen	14
Fjella	18
Fiske	21
Fjellturforslag	22
Arrangement	24
Attraksjonar	26
Aktivitetar	32
Kart	42
Fossar	44
Overnatting	48
Servering	76
Praktisk Info	78

## Kontakt oss

Visit Sognefjord AS  
Fosshaugane Campus  
Trolladalen 30, NO-6856 Sogndal  
info@sognefjord.no  
sognefjord.no  
App: visitnorway  
f /visitsognefjord  
@visitsognefjord



Visit Sognefjord er miljøsertifisert.




# Sognefjord - store nasjonale attraksjonar

Den lengste fjorden, Sognefjorden, ligg midt i Fjord Norge og strekkjer seg heilt inn til foten av nasjonalparkane Jotunheimen og Jostedalbreen. I dette området er naturen både dramatisk og gjestmild, og innbyr til spennande og forfriskande aktivitetar for heile familien.



Flåmsbana - ©Sverrehjørnevik.com / Norway's Best




Urnes Stavekyrkje på UNESCO si verdsarvliste ©Thomas Morel



The Future of the fjords - Narøyfjorden ©Sverrehjørnevik.com / Norway's Best



Nigardsbreen ©Vegard Aasen VERI Media



Melsnipa Fjærland ©Siri Tautra

**LENGST | STØRST | HØGST | ELDST**



Molden ©Vegard Aasen VERI Media



Stegastein, Utsiktspunkt Aurland ©Sverre Hjørnevik, Fjord Norway



Lærdalsøyri, Lærdal ©Vegard Aasen, Veri Media

# Sognefjorden – haust og vinter

Sognefjorden har Norges beste frikøyingsområder, gode skianlegg og unike fjordopplevingar heile året. Kort veg til Jostedalen og Jotunheimen, der du finn turar og guidar i verdensklasse.



## GUIDA TURAR OG KURS

Sognefjorden byr på fantastisk toppturterreng for frikøyning frå fjelltopp til fjord. I Sognefjorden finn du erfarne guidar som tek deg med til den beste snøen og tilbyr guiding og kurs for erfarne og uerfarne. I tillegg er det tilbod om trugeturar, isklatrekurs, skredkurs og tur til dei magiske isgrottene under Nigardsbreen. Fjellsportfestivalen i Sogndal er blitt vinterens høgdepunkt for både lokale og tilreisande.



## AKTIVITETAR

Sognefjorden står i sentrum for eventyrlege opplevingar der du kjem tett på naturen, mellom anna kajakk og RIB tur om hausten og vinteren med snøkledd fjelltoppar. Utforsk Sognefjorden med sykkel om hausten og prøv ut stisykling nær fjorden. Opplev haustfargane i dei fantastiske turområda Jotunheimen Nasjonalpark med Hurrungane og Utladalen i Årdal, Stølsheimen, Aurlandsdalen, Rallarvegen, Molden og mange fleir.



## VINTERFJORDEN

Cruise på UNESCO Nærøyfjorden om hausten og vinteren gir opplevingar av fjordlyset og den eineståande ramme av stupbratte fjell, ville fossefall og levande kulturlandskap. Flåmsbana er kåra til ei av verdas vakraste jernbanestrekningar og er opne heile året. I tillegg finst det fleire heilårs- opne aktivitetar og opplevingar rundt Sognefjorden, mellom anna tur til utsiktspunktet Stegastein.



## SKIANLEGG

Sognefjorden har fleire skisenter deriblant Sogn Skisenter og Sogndal Skisenter som ligg kun 25 min frå kvarandre med felles Sognapass. Skisentra har ulike løypeprofil og utfyller difor kvarandre perfekt. Eigne barneområder, langrenns- og lysløyper, store frikøyingsmoglegheiter og gode alpinbakker for nybyrjarar og ekspertar. Skiturar inn i UNESCO verdsarvområde, frikøyning med fjordutsikt, og Vetti området med «isens rike» i Årdal.

# Sognefjorden er vakker – heile året



**Om våren** er fossane store, frukt- trea blomstrar, fjelltoppane er kvite og lufta er forfriskande klar.

**Sommar** i Sognefjorden byr på mange flotte opplevingar som cruise på UNESCO Nærøyfjorden, besøke stavkyrkjene og guida turar på Jostedalsbreen.

**Om hausten** kler Sognefjordområdet seg i vakre haustfargar, først i fjellområda, så ved fjorden. Dette er den beste tida for fjellturar i området.

**Vinterfjorden** tilbyr fjordopplevingar, dei magiske blåisgrottene under breen, frikøyning, fjordlyset, trugeturar, skianlegg og guida toppturar





Vik ©Vegard Aasen, VERI Media

# Sognefjorden

## - og dei vakre fjordarmane

Sognefjorden ligg midt i Fjord Norge, og er med sine 204 km Norges lengste og djupaste fjord. På det meste er fjorden over 1300 m djup og fjella langs fjorden går opp i over 1700 m.

Sognefjorden har fleire spesielle fjordarmane som strekkjer seg inn mellom stupbratte fjell og endar i små, idylliske bygder. Den mest kjende av desse fjordane er den smale Nærøyfjorden, som no er oppført på UNESCO si verdsarvliste. Du kan vere med på ulike båtturar og oppleve fjordane heile året. Andre freistande fjordaktivitetar er kajakkpadling, fjordrafting, fisketurar, robåtturar, bading og mykje meir.

Sogn Fjordmuseum på Kaupanger fortel historia om livet ved fjorden, og på Sognefjord Akvarium i Balestrand lærer du om livet i fjorden.

## Særprega fjordarmane



### Vestnorsk fjordlandskap

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med delområde Geirangerfjorden, Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, vart innskrevet på UNESCO si Verdsarvliste over kultur- og naturarv av einestående og universelle verdi i 2005.


Verdsarverdiane i Nærøyfjordområdet er kort samanfatta: fjordlandskap med aktive geologiske prosessar, eit rikt dyre- og planteliv, og eit vakkert naturlandskap frå fjord til fjell med brear, skog, fossar og frittrennande elvar og eit kulturlandskap som gir naturlandskapet perspektiv.

### Nærøyfjorden - smal og dramatisk

Den verdskjende Nærøyfjorden er den smalaste, villaste og mest dramatiske fjordarmen i verda. Fjella reiser seg bratt og høgt opp frå vatnet og skapar ei trolsk stemning. Blir du med ferja på Nærøyfjorden, frå Kaupanger til Gudvangen, og passasjerbåt frå Flåm/Aurland, får du oppleve noko av det mest spesielle landskapet Norge kan by på.

### Lusterfjorden - inn mot Jotunheimen, Breheimen og Jostedalbreen

Landskapet kring Lusterfjorden er svært malerisk, og mange store kunstnarar har lete seg inspirere av den spesielt vakre naturen her i enden av Sognefjorden. Lusterfjorden strekkjer seg heilt inn til foten av Jotunheimen, Breheimen og Jostedalbreen, og frå Skjolden i aust til Solund i vest, er Sognefjorden heile 204 km lang.



UNESCO Nærøyfjorden ©Gudvangen Fjordtelt

### Fjærlandsfjorden - inn mot Jostedalbreen

Den smale og vakre Fjærlandsfjorden er omkransa av bratte, skogkledder lier og strekkjer seg heilt inn mot den majestetiske Jostedalbreen. Fjordvatnet her har ofte ein nydeleg, lysegrøn farge pga. breelvane som renn ut i fjorden.

### Finnafjorden - veglaus og eksotisk

Finnafjorden er den minste av fjordarmane, men kanskje også den mest spesielle. Nesten utilgjengeleg ligg fjorden der med berre eit smalt sund før den vidar seg ut innover mot Finnabotn. Her stuper fjella rett i fjorden.



# «Vandrebusane» rundt Sognefjorden

Du kan kome til og frå fantastiske turområde med «vandrebusane» til Aurlandsdalen, Jotunheimen/Utladalen, Jostedalsbreen (Nigardsbreen, Bøyabreen og Supphellebreen) og Sognefjellet. Ruteinformasjon: [www.kringom.no](http://www.kringom.no) og [www.google.com](http://www.google.com) daglege ruter:

## Aurlandsdalen:

(rute 23-490 Gudvangen – Flåm Aurlandsdalen – Hallingdal og lokalrute 490). Ekstra ruter: Flåm – Østerbø – Flåm.

## Jotunheimen/Utladalen:

(rute 14-127 Øvre Årdal – Hjelle – Turtagro)

## Jostedalsbreen, Nigardsbreen:

(rute 144 Sogndal – Lom – Otta)

## Jostedalsbreen, Bøyabreen og Supphellebreen:

(rute [www.fjaerland.org](http://www.fjaerland.org) «Transport»)

## Sognefjellet: (rute 144 Sogndal – Lom – Otta)



**LUSTRABADET**  
— ei oppleving når du er i Sogn!

25 m basseng | knøttebasseng | barnebasseng | varmbasseng  
utekulpar | grotte | 65 m sklie | bratt sklie | stupetårn | klatrevegg  
badstove og dampbadstove | vannmassasje, bobler, fontene og  
motstrømsdyser – vi har det meste!

Velkomen til plask og moro!

**LUSTRABADET**  
Rådhusvegen 7B | 6868 Gaupne | tel 57 68 56 80 | [www.lustrabadet.no](http://www.lustrabadet.no) | [f Lustrabadet](https://www.facebook.com/Lustrabadet)

## Til og frå Sognefjorden

**Bil:** [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) og [www.maps.google.no](http://www.maps.google.no)

**Fly:** [www.wideroe.no](http://www.wideroe.no), [www.scandinavianskies.net](http://www.scandinavianskies.net)

**Ekspressbåt:** [www.norled.no](http://www.norled.no)

**Ekspressbuss:** [www.vy.no](http://www.vy.no) og [www.nor-way.no](http://www.nor-way.no).

**Tog:** [www.vy.no](http://www.vy.no) eller [www.norwaysbest.com](http://www.norwaysbest.com)

## Inn til Norge

**Fly:** Innkommende fly til Bergen og Oslo Lufthavn

**Ferje:** [www.colorline.com](http://www.colorline.com), [www.dfds.no](http://www.dfds.no), [www.fjordline.com](http://www.fjordline.com) og [www.stenaline.no](http://www.stenaline.no)



Stegastein, Nasjonal turistveg Aurlandsfjellet ©Sverre Hjørnevik, Fjord Norway



Tindevegen - ©Dick Brunsvold

## Nasjonale turistvegar i Sognefjord



Nasjonal turistveg Sognefjellet  
©Werner Harstad / Statens vegvesen



"Utsikten", Nasjonal turistveg Gaularfjellet. ©Jiri Havran

### **NASJONAL TURISTVEG AURLANDSFJELLET**

Ein ser snø langs vegen mesteparten av sommarmånadene, og vegen er difor mest kjend som «Snøvegen». Her finn du attraksjonar som Bjørnehiet og Stegastein og ruta er kjend for sitt spektakulære landskap. Frå Aurland til utsiktspunktet Stegastein er vegen open heile året.

### **NASJONAL TURISTVEG GAULARFJELLET**

Langs denne ruta, frå Balestrand til Moskog (Førde) og Eldalsosen-Sande, kan ein sjå mange vakre, små fossar og elvar, turen kan med hell kombinerast med ein tur langs Fossestien. Vegen er særskilt kjent for dei 9 hårnålssvingane ein køyrer gjennom på Balestrandssida av fjellet. Det spektakulære utsiktspunktet «Utsikten» opna i 2016.

### **NASJONAL TURISTVEG SOGNEFJELLET**

Den nasjonale turistvegen over Sognefjellet, Fv 55, mellom Luster og Lom, er den høgste og kanskje mest imponerende fjellovergangen i Nord Europa (høgste punkt 1434 moh). Her kjem ein tett inn på den majestetiske naturen i Jotunheimen Nasjonalpark.

[www.nasjonaleturistveger.no](http://www.nasjonaleturistveger.no)

## Andre flotte fjellovergangar

### **TINDEVEGEN**

Vakker fjellovergang mellom Øvre Årdal og Turtagrø, med flott utsikt til mektig natur og flotte fjelltoppar i Jotunheimen. Ein kort spasertur frå traséen ligg eit fantastisk panorama (Berdalsfjellet) med Hurrungane og Store Skagastølstind i aust og Sognefjorden og Skjolden i vest. Tindevegen er ein bomveg for MC, bilar, bilar med campingvogn og bubilar.

### **VIKAFJELLET (STØLSHEIMEN)**

Vikafjellsvegen, Rv 13 mellom Vik og Vinje/Voss, går gjennom flotte fjellområde, og er eit godt utgangspunkt for fotturar eller skiturar både på Vikafjellet og i Stølsheimen. Karakteristisk for Stølsheimen er alle dei gamle stølane.

*Fleire av fjellvegane er opne heile året, men enkelte er vinterstengde. For informasjon om vegar og køyreforhold sjå [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) eller ring tel. 175 (frå utlandet ring (+47) 815 48 991). For informasjon om bussrutene over fjella, ring 177 eller (+47) 57 65 95 12 eller sjå [www.kringom.no](http://www.kringom.no) og [www.vy.no](http://www.vy.no)*



Stølsheimen ©Thomas Morel



Nigardsbreen, Jostedal ©Vegard Aasen / VERI Media

## Jostedalsbreen Nasjonalpark – og dei vakre brearmane

Med sine 500 km<sup>2</sup>, er Jostedalsbreen den største isbreen på det europeiske fastlandet. Denne gigantiske ismassen dekkjer både fjelltoppar og djupe dalar i nasjonalparken, og strekkjer mektige armar av blåis ned i frodige dalar nær fjordane våre. Mange vert forundra når dei finn ut kor lett tilgjengeleg fleire av desse brearmane er, og at det kan vere nesten like varmt ved isen som ved fjorden.

I Jostedalen, Fjærland og fleire andre stader kan du bli med erfarne og lokalkjende breførarar på brevandring. På Nigardsbreen i Jostedalen er det mellom anna daglege familieturar heile sommaren. Besøk nasjonalparksentra Norsk Bremuseum og Breheimsenteret for å lære meir om Jostedalsbreen Nasjonalpark.

### Dei mest kjende brearmane

#### **NIGARDSBREEN, JOSTEDAL**

Dette er ein av dei lettast tilgjengelege brearmane. Etter ein kort båttur over brevatnet kan du komme tett inn til blåisen på eiga hand, eller bli med breførarar opp på isen. Du kan også gå langs vatnet. Barn over 8 år kan delta.

#### **FLATBREEN / SUPPHELLEBREEN, FJÆRLAND**

Flatbreen ligg meir enn 1000 moh. Oppe ved brefronten og Flatbrehytta er utsikta til fjorden fantastisk. Det tek 2-3 timar å gå opp.

#### **BERGSETBREEN, JOSTEDAL**

Den majestetiske Bergsetbreen ligg berre ein times lett gange frå bilvegen, og er truleg ein av dei aller vakraste brearmane.

#### **AUSTERDALSBREEN, VEITASTROND**

“The finest ice-scenery in Europe”, sa den engelske fjellmannen W.C. Slingsby om Austerdalsbreen og dei imponerande brefalla Odin, Tor og Loke. Hit kjem du etter ein lett fottur frå Tungestølen.



Breheimssenteret, Jostedal ©Vegard Aasen / VERI Media



Norsk Bremuseum, Fjærland - ©Gaute Dvergsdal Bøyum

### Nasjonalparkkommune

I 2008 blei Luster Kommune med sine tre nasjonalparker (Jotunheimen, Jostedalsbreen og Breheimen) utpeika som nasjonalparkkommune.

Statusen som nasjonalparkkommune er eit kvalitetsstempel for kommunar med villmarksnatur, og kommunar som får bruke denne tittelen har store naturområde med uvurderleg verdi.





Nigardsbreen ©Sverre Hjørnevik

### BØYABREEN, FJÆRLAND

Boyabreen ser du på nært hold fra riksvegen. Tek du turen bort til Brævasshytta, kan du kjøpe deg mat og nyte utsikten til breen fra dei store panoramavindauga i restauranten.

### MED FØRAR TIL BREANE

Blir du med breførarar på tur, kjem du også til fleire andre vakre brear, både i Jotunheimen og Jostedal (som t.d. Austdalsbreen og Tunsbergsdalsbreen).

Isbreen er alltid i rørsle, og blokker med is kan falle av fronten. Ein må difor aldri gå på breen utan førar, eller gå forbi sperringane som er sette opp rundt brearmane.

## Transport til breen

### JOSTEDALSREBUSSEN

- Daglege avgangar Sogndal – Nigardsbreen (Jostedal)
- Samband frå Balestrand, Leikanger, Vik, Flåm, Lærdal, Årdal mm.
- Passar for dei som vil på brevandring, kajakkpadling, juving, rafting eller berre sjå breen og Breheimsenteret
- Billett om bord på bussen

### BREBÅTEN, JOSTEDAL

- Sesong: Dagleg ca 10. juni – 30. sept (ca kl 10 – 18)
- Går fram og tilbake heile dagen i sommarsesongen mellom parkeringsplassen ved Nigardsbrevatnet og Nigardsbreen.
- Billett om bord på båten.



### BREBUSSEN, FJÆRLAND

- Daglege avgangar frå kaien i Mundal via Norsk Bremuseum til Bøyabreen og Supphellebreen med korrespondansar frå Sogndal, Flåm og Balestrand m.fl. i sommarsesongen
- Passar for dei som vil sjå breen og besøpe Norsk Bremuseum mm
- Sesong: juni, juli og august.
- Billett om bord på bussen.

NB: endringar i bussrutetilbodet kan oppstå pga restriksjonar knytt til koronapandemien. Sjekk [kringom.no](http://kringom.no) for oppdatert rutetilbod



## NORSK BREMUSEUM & Ulltveit-Moe senter for klimaviten



### Opningstider

April – mai – september – oktober: 10:00 – 16:00  
Juni – juli – august: 09:00 – 19:00  
November – mars: Etter avtale

[www.bre.museum.no](http://www.bre.museum.no)

6848 Fjærland | tel: 57 69 32 88 | e-post [post@bre.museum.no](mailto:post@bre.museum.no)

Kafé | Gratis parkering | Ladestasjon elbil



Jotunheimen Nasjonalpark - ©Sverre Hjørnevik Fjord Norge AS / fjordnorway

## Jotunheimen Nasjonalpark - og andre vakre fjellområde

Det er mange flotte turar å velje mellom i kvar einaste bygd ved fjorden. Du kan vandre på kulturstiar, spasere langs fjorden og historiske vegar eller gå fjellturar som gjev deg unik utsikt til fjordar, fjell og brear. Fleire stader kan du også vere med på spennande guida spaserturar, fotturar, brevandring og klatreturar.

### STORT NETTVERK AV STIAR OG FJELLHYTTER

Den Norske Turistforening (DNT) har mange merka ruter og trivelege hytter i fjella rundt fjorden, og Luster er den kommunen i Norge som har flest DNT-hytter. Standarden varierer frå flotte turisthytter med matserving, til enkle sølvbetjeningshytter. Du kan gå fotturar frå hytte

til hytte eller bruke hyttene som utgangspunkt for dagsturar i fjellet. [www.turistforeningen.no](http://www.turistforeningen.no)

### UTSTYR OG INFORMASJON

Førebu deg på alle typar vørtilløve når du legg ut på langtur, og ta med kart, kompass / GPS, regnklede osv. Topografiske turkart får du kjøpt hjå bokhandlarar og turistkontora i området. På turistkontora får du også lokal informasjon om flotte fotturar du ikkje bør gå glipp av!

### AURLANDSDALEN

Den vidgjetne og sagomsuste Aurlandsdalen er ein av dei gamle ferdselsvegane mellom aust- og vestlandet. Vakker og vill - rik på dyre- og planteliv, kulturminne, historie, variert geologi

og godt aurefiske. Du kan gå i fleire dagar med overnatting i turisthyttene i dalen eller gå kortare turar i kombinasjon med buss eller eigen bil.

### BREHEIMEN NASJONALPARK

Breheimen er fjellområdet mellom dei to nasjonalparkane Jotunheimen og Jostedalsbreen. Fotturen gjennom Mørkridsdalen vert rekna for ein av dei vakraste fotturane i Norge, og den Norske Turistforening kåra denne ruta til den mest florarike turen. Det finst mange stolar og store fiskevatn i området, som vert nytta mykje av både lokalbefolkninga og tilreisande.

### JOSTEDALSBEEN NASJONALPARK - DEN STØRSTE ISBEEN

Nesten halvparten av Jostedalsbreen Nasjonalpark er dekkja av den største isbreen på det europeiske fastlandet - Jostedalsbreen.

### JOTUNHEIMEN NASJONALPARK - DEI HØGSTE FJELLA I NORGE

Heile Jotunheimen nasjonalpark er prega av høge fjell og brear, og her finn du dei høgste fjella i Norge. Dei tre høgste toppane er Galdhøpiggen

(2469 moh), Glittertind (ca. 2465 moh) og Store Skagastølstind (2405 moh).

Køyrer du den nasjonale turistvegen over Sognefjellet mellom kommunane Lom i aust og Luster i vest, får du sjå Store Skagastølstind (Storen) og mange andre imponerande toppar på nært hald. Det går buss over Sognefjellet frå Otta til Sogndal to gonger dagleg i sommarsesongen, med korrespondanse frå Oslo og Trondheim.



Aurlandsdalen - ©Thomas Rasmus Skaug



Camping i Jotunheimen - ©Sverre Hjørnevik / fjordnorway.com

## KONGEVEGEN OVER FILEFJELL

I 1793 stod Kongevegen over Filefjell ferdig; den første køyrevegen mellom aust og vest. Veggen er eit kulturminne med stor nasjonal verdi, og går i frå Lærdalsøyri og austover til Vang i Valdres og er om lag 110 km lang. Her er det mulig med både korte og lange turar, og delar av veggen vil bli tilrettelagt for sykling. Langs heile dalen frå Filefjell ned til Lærdal finns det fleire historiske strekningar tilrettelagt for vandring. Den mest kjente er Vindhellavegen i nærleiken av Borgund Stavkyrkje.



## UTLADALEN

Utladalen er dramatisk og vill, og rundt dalen ligg det høgastliggjande fjellpartiet i Noreg, med mange toppar på over 2000 meter. Her finn du Vettisfossen, som med sitt 275 meter høge, frie vassfall, er Nord-Europas høgaste. Utladalen er ein av europas djupaste dalføre, og bergtek mange besøkande med sin ville og frodige natur.



## STØLSHEIMEN

Stølsheimen landskaps-vernområde er karakterisert av mange stølar i eit kupert fjellandskap som grensar ned mot eit dramatisk fjordlandskap. Innanfor verneområdet ligg den veglause og eksotiske Finnafjorden i Vik kommune. Det er også mange andre flotte fjellområde rundt fjorden. Kontakt turistkontora for meir informasjon.



# Fiske

Ved Sognefjorden finst det fleire hundre gode fiskevatn. Dei fleste vatna ligg i fjella rundt fjorden, og området er difor ideelt for dei som ønskjer å kombinere fiske med fjellturar. Fjellauren du får i desse klare, friske vatna er rekna for å vere ei delikatesse.



Det er også mange lakseførande elvar ved Sognefjorden, der ein kan fiske etter laks eller sjøaure. Området har lange fisketradisjonar, og fleire lakseelvar har hatt høg status heilt frå slutten av 1800-talet. Fiske i fjorden er gratis heile året, og du kan mellom anna få sjøaure, torsk, hyse, kviting eller sei på kroken.

Du kan fiske frå brygger, svaberg og strender, eller leige båt. Nokre stader er det også mogeleg å bli med på guida fisketurar. Dei fleste som tilbyr overnatting ved fjorden og vatna, har dessutan båtar til disposisjon for kundane sine.

## Fiskereglar og fiskekort

Fiskerettane i elvane og vatna tilhøyrer vanlegvis grunneigarane i dei aktuelle områda, og sal av fiskekort vert dei fleste stader organisert av lokale grunneigarlag e.l. Desse fiskekorta får du som oftast kjøpt på turistinformasjonar, kioskar, bensinstasjonar, overnattingsstader e.l.

## Fisketrygdeavgift

For du kan kjøpe fiskekort for lakseførande vassdrag, må du gå på eit postkontor eller Internett ([www.inatur.no/fiskeravgift](http://www.inatur.no/fiskeravgift)) og betale fisketrygdeavgift til staten. Enkelte stader er laksen totalfreda, men i desse vassdraga kan du vanlegvis likevel få kjøpt fiskekort for å fiske etter aure.

## Sesong

I fjellvatna kan du oftast fiske så snart isen er vekke om våren, og i dei fleste lakseførande vassdraga kan du fiske frå omlag 1.juli til 15.september. Ver merksam på at reglane varierer frå elv til elv, og at nokre elvar også er opne for fiske tidlegare enn dette. Kontakt dei lokale turistkontora for meir informasjon om guida fisketurar, utleige av båtar, lokale fiskereglar og sal av fiskekort mm.

# Flotte fjellturforslag

FJELLTUR	START	TOTAL GANGTID (T/R)	VANSKE-GRAD	SÆRPREG	
1	Bergsetbreen	Krundalen/ Jostedal	2-3 t		Breutsikt, ein av Norges vakraste familieturar
2	Saurdalen	Saurdalen/Balestrand	3-4 t		Godt utgangspunkt for fleire turalternativ
3	Fuglefjell	Lavik/Høyanger	2 t		Spektakulær fjordutsikt
4	Vettisfossen	Utladalen/Årdal	4 t		Nord-Europas lengste frie fall. Verna sidan 1924.
5	Fuglesteg	Fortun/Luster	3 t		Flott steinhus og utsikt til Skjolden og fjorden
6	Austerdalsbreen	Tungestølen/ Veitastrond	4,5 t		"The finest ice scenery in Europe", (W.C. Slingsby)
7	Aurlandsdalen	Finse/Geiteryggen/ Østerbø/Aurland	6 t		Svært populær tur som gjerne blir kalla Norges «Grand Canyon»
8	Kongeveggen	Kyrkjestølen - Maristova / Lærdal	6 t		Kongeveg, passar for barn og unge, fjellterreng, utsikt Jotunheimen
9	Synshovden	Vik	4-6 t		Utsikt til Vik og Sognefjorden
10	Bjørgahaug	Grauthaug/ Leikanger	1 t		Flott fjordutsikt



Brendeteigen / Vettisfossen ©VERI Media

Molden ©Visitsognefjord



Bakkanosi ©Falkeblikk



Fuglefjell ©VERI Media

FJELLTUR	START	TOTAL GANGTID (T/R)	VANSKE-GRAD	SÆRPREG	
11	Bakkanosi	Jordalen/Gudvangen	6 t		Magisk utsikt over UNESCO Nærøyfjorden
12	Molden	Mollandsmarki/ Hafslo	3 t		Unik utsikt til Sognefjorden
13	Fannaråken	Turtagrø / Jotunheimen	6 t		Topp i Jotunheimen, alpint landskap, flott utsikt
14	Raudmelen	Balestrand - Sentrum	6 t		Panoramautsikt over Sognefjorden (0-978 m.o.h.)
15	Tylderingen	Sogndal	2-3 t		Populær tur med flott utsikt over Dalavatnet
16	Flatbreen	Supphelledalen/ Fjærland	5 t		Flott bre- og fjordutsikt
17	Prest	Bjørgo/Aurland	3 t		Panoramautsikt over Aurlandsfjorden
18	Rimstigen	Gudvangen	4 t		Flott utsikt over UNESCO Nærøyfjorden
19	Storehaugen	Sviggum/Lærdal	4-5 t		Flott utsikt over Lærdalsfjorden
20	Keipen	Balestrand	10 t		Spektakulær utsikt over Sognefjorden frå ikoniske Keipen

Kjøp kart og turskildringar på turistkontora og Saga Souvenir i Flåm. For hytte-til-hytte turar, pakketips m.m. sjå [www.turistforeningen.no](http://www.turistforeningen.no) og [ut.no](http://ut.no)

# Arrangement 2022

Dette er dei arrangementa me hadde oversyn over då Sognefjordguiden gjekk i trykken. Sjå [www.sognefjord.no](http://www.sognefjord.no) for oppdaterte lister, eller kontakt turistkontora, så får du vite meir om kva som skjer i området.



## FEBRUAR

23.-27 Sogndal **Fjellsportfestivalen** [www.fjellsportfestivalen.no](http://www.fjellsportfestivalen.no)

## MARS

24.-27 Vik **NM i Skiskyting** [www.nmskiskyting2022.no](http://www.nmskiskyting2022.no)  
25. Vik Skisenter **NN snørekøyring (hundekøyring)** [www.nm-veka.no](http://www.nm-veka.no)

## APRIL

23 Leikanger **Kjeringi Open** [www.kjeringiopen.no](http://www.kjeringiopen.no)

## MAI

1 Balestrand **Esefjorden Rundt. Landeveisløp.** [esefjorden.balestrand-il.no](http://esefjorden.balestrand-il.no)  
6-8 Balestrand **Balejazz - Jazz festival** [www.balejazz.no](http://www.balejazz.no)  
21. Flåm **Flåmsdalenløpet** [www.norwaysbest.com](http://www.norwaysbest.com)  
26 Lærdal **Storehaugen opp. Motbakkeløp** [www.storehaugenopp.com](http://www.storehaugenopp.com)  
27.-29 Skjolden **Kulturdagane på Skjolden** [www.kulturdagane.no](http://www.kulturdagane.no)  
20-22 Jostedal **Norsk Brefestival** [www.facebook.com/brefestivalen](http://www.facebook.com/brefestivalen)  
28. Flåm **Hagekonsert med CC Cowboys** [www.norwaysbest.com](http://www.norwaysbest.com)  
28. Undredal **Vårslepp** [www.visitundredal.no](http://www.visitundredal.no)  
28. Fjærland **Boknatta** [www.bokbyen.no](http://www.bokbyen.no)  
29. Årdal **Vettisløpet** [www.vettislopet.no](http://www.vettislopet.no)

## JUNI

3.-6 Vik **Gamalostfestivalen** [www.facebook.com/gamalostfestivalen](http://www.facebook.com/gamalostfestivalen)  
11 Gaupne **Lustramarknaden** [www.lustramarknaden.no](http://www.lustramarknaden.no)  
17.-19 Årdal **Nasjonalfestivalen under storen** [www.nasjonalfestivalen.no](http://www.nasjonalfestivalen.no)  
18 Årdal **Fjøsblues Avdal Gard** [www.avdalen.no](http://www.avdalen.no)  
18 Marifjora/Luster **Molden opp** [www.moldenopp.no](http://www.moldenopp.no)  
19.-21 Lærdal **Lærdalsmarknaden** [www.laerdalsmarknaden.no](http://www.laerdalsmarknaden.no)  
24.-26 Sogndal **Lerum Cup** [www.fotball.lerumcup.no](http://www.fotball.lerumcup.no)  
24.-25 Lærdal **Jordeplerock** [www.jordeplerock.no](http://www.jordeplerock.no)  
25 Undredal **Midtsommarsdans på bryggja** [www.visitundredal.no](http://www.visitundredal.no)  
25 Fresvik/Vik **Mensen Ernst Minneløp** [www.mensenernst.org](http://www.mensenernst.org)

## JULI

1.-3 Aurland **Aurlandsmarknaden** [www.aurlandsmarknaden.no](http://www.aurlandsmarknaden.no)  
3 Jotunheimen **Jotunheimen rundt, sykkeløp** [www.jotunheimenrundt.no](http://www.jotunheimenrundt.no)  
3 Feios/Vik **Vidasete opp** [www.feios.no/vidasete-opp](http://www.feios.no/vidasete-opp)  
4 Sognefjell **Sognefjellrittet, sykkeløp** [www.jotunheimenrundt.no](http://www.jotunheimenrundt.no)  
8.-9. Sogndal **Lægreidsfest** [www.lagreidsfest.no](http://www.lagreidsfest.no)

23 Undredal **Konsert og bryggjedans** [www.visitundredal.no](http://www.visitundredal.no)  
23 Gudvangen **Rimstigen Opp - Motbakkeløp** [www.motbakke.com/rimstigen-opp](http://www.motbakke.com/rimstigen-opp)  
28.-30 Fresvik/Vik **Fresn** [www.fresn.no](http://www.fresn.no)  
30 Undredal **Stølsdag Langhuso** [www.visitundredal.no](http://www.visitundredal.no)

## AUGUST

6 Aurland **Verdsarvturen - Fjelltur** [www.verdsarvturen.no](http://www.verdsarvturen.no)  
12.-13 Årdal **MålRock festival** [www.malrock.no](http://www.malrock.no)  
12.-14 Vik **Bringebærfestivalen** <https://bringebaerfestival.no/>  
13 Turtagrø **Fanaråken Opp** [www.facebook.com/fanarakenopp](http://www.facebook.com/fanarakenopp)  
13 Aurland **Aurlandsmarsjen i Aurlandsdalen** [www.facebook.com/aurlandsmarsjen](http://www.facebook.com/aurlandsmarsjen)  
13 Aurland **Aurlandsfjellet Xtreme Triathlon** [www.axtri.no](http://www.axtri.no)  
15.-17 Årdal **Kajakkskule for born** [www.bulderogbrak.no](http://www.bulderogbrak.no)  
19.-21 Gaupne **Gaupnetreffen** <https://fb.me/e/2bY02jQwR>  
19.-21 Årdal **Kajakkskule for born** [www.bulderogbrak.no](http://www.bulderogbrak.no)  
20 Balestrand **Balestrand opp - Motbakkeløp** [www.balestrandopp.no](http://www.balestrandopp.no)  
27 Sogndal **Nuken - Opp og neatte** [www.brattmoro.no](http://www.brattmoro.no)

## SEPTEMBER

2.-4 Indre Ofredal/Årdal **Yoga & kajakktretreat** [www.bulderogbrak.no](http://www.bulderogbrak.no)  
3 Lærdal **Maristovediltten** [www.visitkongevegen.no](http://www.visitkongevegen.no)  
3 Balestrand **Holmadagen** [www.visitbalestrand.com](http://www.visitbalestrand.com)  
25.-27 Lærdal **Hautmarknaden** [www.laerdalsmarknaden.no](http://www.laerdalsmarknaden.no)  
25.-27 Lærdal **Smak av Sogn** [www.facebook.com/smakavsogn](http://www.facebook.com/smakavsogn)  
29. - 2. 10 Leikanger **Fruktbare dagar** [www.opplevleikanger.no](http://www.opplevleikanger.no)

## OKTOBER

6.-9. Gudvangen **Viking Marknad** [www.vikingvalley.no](http://www.vikingvalley.no)  
21.-23 Aurland **Nynorske Litteraturdagar** [www.nynorskelitteraturdagar.no](http://www.nynorskelitteraturdagar.no)

## NOVEMBER

21 Lærdal **Julemarknad** [www.laerdalsmarknaden.no](http://www.laerdalsmarknaden.no)  
25-27 Gudvangen **Julemarknad** [www.vikingvalley.no](http://www.vikingvalley.no)

## DESEMBER

3 Sogndal **Førjulsforo** [www.sogndal.kulturhus.no](http://www.sogndal.kulturhus.no)

Fullstendig og oppdatert arrangementliste på [www.sognefjord.no](http://www.sognefjord.no)

Fotballkampar i Sogndal, Fosshaugane Campus [www.sogndalfotball.no](http://www.sogndalfotball.no)

# ATTRAKSJONAR

Det fantastiske Sognefjordlandskapet, med buldrande fossefall, blå brear, frodige dalar, tronge fjordarmar, massive fjellrekkejer og idylliske bygder har lokka til seg oppdagarar, fjellklatrarar og kunstnarar i meir enn 150 år. Her finn du spennande kultur med nasjonale kulturskattar. Levande bygder byr på ekte kulturopplevingar, unike opplevingssenter, museum, kunstgalleri, stavkyrkjer og historiske stader.

Umes stavkyrkje ©Vegard Aasen/Her media

## AURLAND

### AURLAND SKOFABRIKK

OPPLEV HANDVERKET  
AURLANDSKOEN  
Stad: Aurland | Tel: (+47) 57 63 32 12  
www.aurlands.com  
Sesong: Heile året



Heilt sida 1920 talet har Aurlandskoen vore laga i Aurland. Den dag i dag ligg Aurland Skofabrikk nede ved fjorden i Aurland, og her får du eit tett møte med historia, handverkarane, og oppleve prosessen frå såle til ferdig sko. Etter ei runde i fabrikkjen, kan ein vitja fabrikkutsalet der ein kan kjøpa sko, veske, belte og andre skinnprodukt til ein god pris! Velkommen!

### BRYGGERIPUB

Ægir BryggeriPub  
Stad: Flåm  
Tel: (+47) 57 63 20 50  
www.flamsbrygga.no  
Sesong: Heile året



Bryggeripub i norrøn vikingstil med veggar prega av drivved, dragehovud og ein 9 meter høg peis. Produksjon av handverksøl. Servering av vikinginspirert meny bygd på lokale råvarer og vår matfilosofi: Ægir öl i og til maten! Spesialtilbod: Ælsmaking kvar dag.

### FLÅMSBANA

Flåmsbana  
– The Flåm Railway  
Stad: Flåm | Tel: (+47) 57 63 21 00  
www.norwaysbest.com  
Sesong: Heile året



Flåmsbana er ei spektakulær togreise som byr på noko av det mest storslåtte som finst av norsk natur og fjordlandskap. Dette er ei av dei brattaste togstrekningane i verda på normalspor. Togturen er 20 kilometer lang og endar på høgjelstasjonen Myrdal, 867 meter over havet. Rundturen Flåm – Myrdal – Flåm tek om lag to timar. Daglege avgangar heile året.

### MUSEUM

Flåmsbana Museum  
Stad: Flåm  
Tel: (+47) 57 63 23 10  
www.norwaysbest.com  
Sesong: Heile året



Lær meir om Flåmsbana si historie og få eit innblikk i bygginga av den verdskjende togstrekninga, den tekniske utviklinga og menneskene bak den imponerende jernbanekunsten. Ei historisk reise! Museet tilbyr gratis inngang for alle.

### NASJONAL TURISTVEG

AURLANDSFJELLET  
Stad: Aurland/Lærdal  
www.sognefjord.no  
Sesong: juni – november



Fjellvegen mellom Aurland og Lærdal – Aurlandsfjellet – FV 243 er open for biltrafikk frå ca. 1/6 til 15/10. Frå Aurland til utsiktspunktet, Stegastein, er vegen open heile året. Vegen har fått tilnamnet "Snøvegen" p.g.a. at ein ser snø langs vegen mesteparten av sommarmånadene. Avstand Aurland–Lærdal er 48 km. Høgste punkt på vegen ligg 1306 m.o.h. med flotte utsiktspunkt.

### SIGHTSEEING

RALLARTOGET | Stad: Flåm  
Tel: (+47) 99 37 23 38  
www.rallartoget.no  
Sesong: mai–medio sept



Rallartoget finner du på kaien i Flåm i sommarhalvåret. Opplev en rundtur med Rallartoget! Rundturen tek ca. 45 minutt og toget går dagleg fra begynnelsen av mai til midten av september, i hovedsesongen kvar time fra kl. 10:00 til 16:00.

### STAVKYRKJE & BYGDEVANDRING

UNDREDALE – Livet i ei lita fjordbygd med ei lita kyrkje | Stad: Undredal, oppmøte ved besøkssenteret Eldhuset, Undredal Bryggje  
www.visitundredal.no  
Sesong: mai til august.



Bli med på ei guida vandring der du får høyre om livet i ei fjordbygd. Turen vert avslutta med ei omvising i Undredal Stavkyrkje. Undredal stavkyrkje er bygd på midten av 1100 talet og er framleis i bruk som soknekyrkje. Dette gjer at historia om kyrkja blir ei arkitektonisk og religionshistorisk tidsreise gjennom over 850 år.

### BESØKSSENTER ELDHUSET

Ein smak av Undredal  
Stad: Undredal Bryggje  
www.visitundredal.no  
Sesong: Mai – september



Eldhuset er eit senter for den lokale støls- og geitosttradisjonen. Utstilling og presentasjon av tradisjonen og verdsarvstatusen. Servering av smaksmeny med kvit og brun lokal geitost og anna tradisjonsmat. Samt lunsj og middagsmeny basert på kjøkt og lokal geitost. Program / kåseri kan tingast.

## ÅRDAL

### TURISTVEG

TINDEVEGEN  
Stad: Årdal/Turtagrø  
www.tindevegen.no  
Sesong: Varierer



Tindevegen er den vakre fjellvegen mellom Øvre Årdal og Turtagrø (32 km). I Turtagrø kjem du inn på den nasjonale turistvegen, Sognefjellsvegen, som går ned til Skjolden (17 km) og Gaupne ved Sognefjorden i Luster, samt austover til Lom i Gudbrandsdalen. Det er flott utsikt mange stadar langs Tindevegen, til mektig natur og fjelltoppar i Jotunheimen.

## LÆRDAL

### BORGUND STAVKYRKJE OG BESØKSSENTER

Fortidsminneforeningen  
Stad: Borgund  
www.stavechurch.com  
Sesong: april – okt



Borgund stavkyrkje er bygd kring år 1180. Kyrkja er svært godt bevart, og den mest særmerkte av dei norske stavkyrkjene. Besøkssenter med utstilling om stavkyrkjene, kafe og suvenirbutikk. Borgund stavkyrkje ligg på Kongevegen – midt mellom Vindhellavegen og Sverrestigen.

### GAMLE LÆRDALSØYRI

Stad: Lærdal  
Tel: (+47) 99 23 15 00  
www.sognefjord.no



Lærdal sitt vakre gamle sentrum med 170 verna trehus frå 1700 – 1800-talet. Eit unikt og autentisk bygningsmiljø på Vestlandet med butikkar innan lokalmat, antikk, interiør og suvenirutsal. I tillegg galleri og post- og telemuseum. Lærdalsmarknaden vert halden her tre gonger i året. Sanden Pensjonat tilbyr guiding i Gamle Lærdalsøyri medio juni til medio august.

### KONGEVEGEN OVER FILEFJELL

Stad: Lærdal  
Tel: (+47) 99 23 15 00  
www.visitkongevegen.no



Vegen frå 1790-åra var den første vegen der ein kunne køyre med hest og kjerre mellom aust og vest, og er i dag eit av dei finaste veggistoriske kulturminna i landet. Ei storstilt restaurering er gjort dei seinare åra på den totalt 10 mil lange turvegen frå Vang til Lærdal sentrum. Vegen har i seinare tid både vunne Europa Nostra-prisen og Vakre vegers pris og det ligg fleire overnattings- og serveringsverksemder langs vegen.

**BRUKTBØKER**

Den norske bokbyen  
 Stad: Fjærland  
 Tel: (+47) 57 69 22 10  
 www.bokbyen.no  
 Sesong: Mai - Sept



Den norske bokbyen i Fjærland har fleire hundre tusen bruktbøker til sals. Gamle fjøs og naust er tekne i bruk til bokutsal, og gjev ei spesiell ramme rundt bøkene. Nokre av bokutsala er kombinert med kafe, husflidsutsal, turistinformasjon og kunstgalleri.

**BREMUSEUM**

Norsk Bremuseum  
 Stad: Fjærland | Tel: (+47) 57 69 32 88  
 www.bre.museum.no  
 Sesong: april - okt  
 (nov - mars på førespurnad)



Eit interaktivt museum for heile familien  
 Kjenn korleis det er å vere under ein bre. Lær om kvifor breane er i rørslse og sjå korleis bresprekkar oppstår. Sjå den unike og svimlende panoramafilmen frå Jostedalsbreen – den største breen på fastlandet i Europa. Gjer dine egne eksperiment med 1000 år gamle is frå breen. Norsk Bremuseum – eit museum for det nyfikne menneske!

**MUSEUM**

De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum  
 Stad: Vestreim, Kaupanger  
 Tel: (+47) 57 67 82 06  
 www.dhs.museum.no  
 Sesong: heile året,  
 hovudsesong 2.5 - 30.9.



Eitt av dei eldste og største folkemusea i landet. Friluftsmuseum med hus frå 1500-talet og fram til 1980-talet. Tradisjonell gardsdrift med dyr. Kafé med heimelaga lokal mat og museumsbutikk. Sjå heimesida til museet for meir informasjon.

**MUSEUM**

Sogn Fjordmuseum  
 Stad: Kaupanger  
 (+47) 57 67 82 06 / (+47) 47 45 29 33  
 www.dhs.museum.no  
 Sesong: Juni, juli og august



Sogn Fjordmuseum er ei avdeling av De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum. Ei einestående samling av båtar frå Sogn, maritime gjenstandar, båtbyggjarverkstad med film om båtbygging, kafé og suvenirar. Til fjordmuseet høyrer også ei skjenkestove frå tidleg på 1800-talet. Sjå heimesida til museet for meir informasjon.

**STAVKYRKJE**

Kaupanger Stavkyrkje  
 Stad: Kaupanger  
 Fortidsminneforeninga  
 Tel: (+47) 57 67 88 40  
 www.stavechurch.com  
 Sesong: medio juni - medio aug



Den største stavkyrkja i Sogn (ca 1140). Ho har vore i kontinuerleg bruk som soknekyrkje i over 850 år. Mellomalderkonstruksjonen er bevart og kyrkjerommet blir boret av 22 stavar, det største tal stavar som er funne i ei stavkyrkje. Det meste av interiøret er frå 1600-talet.

**BESØKSENTER**

Breheimsenteret  
 Stad: Jostedal  
 Tel: (+47) 57 68 32 50  
 www.jostedal.com  
 Sesong: 1 Mai - 30 Sept



Breheimsenteret er naturinformasjonssenter for både Jostedalsbreen nasjonalpark og Breheimen Nasjonalpark. Breheimsenteret vart opna på ny våren 2013 etter brann i 2011. Breheimsenteret har ein spesiell arkitektur og nye spennande utstillingar som tek dei besøkande med på ei reise gjennom dei siste 20.000 åra. Spennande digitale presentasjonar der dei besøkande sjolve kan delta. Lokal mat.

**GALLERI**

Galleri Walaker 300  
 Walaker Hotel | Stad: Solvorn  
 Tel: (+47) 57 68 20 80  
 www.walaker.com  
 Sesong: April - Sept



Bygningen, slik han står i dag, vart bygd i 1883 med materialar frå tømmerkyrkja i Solvorn, bygd ca 1600. I den bevaringsverdige fjøsbygningen vert det arrangert utstillingar av lokale og nasjonale kunstnarar. Opnar i slutten av april.

**STAVKYRKJE**

Urnes Stavkyrkje, Urnes  
 Fortidsminneforeninga  
 Tel: (+47) 41 39 48 21  
 www.stavechurch.com  
 Sesong: mai - sept



Den eldste stavkyrkja i landet (1130) og den einaste av stavkyrkjene på Unesco si liste over dei fremste kulturskattane i verda. Kyrkja har ornamentikk frå 1070-talet og er særdeles rikt dekorert. Ligg vakker til på sørsida av Lustrafjorden. Besøksenter ved stavkyrkja med utstilling og butikk.

**NASJONAL TURISTVEG**

Sognefjellet  
 Stad: Sognefjellet  
 www.sognefjord.no  
 Sesong: mai - november



Den nasjonale turistvegen over Sognefjellet mellom Luster og Lom er den høgste og kanskje mest imponerende fjellovergangen i Nord Europa (høgste punkt 1430 moh). Her kjem ein tett inn på den majestetiske naturen i Jotunheimen Nasjonalpark. Sognefjellsvegen strekkjer seg altså frå Sognefjorden i vest til Gudbrandsdalen i aust, og mange kallar dette den verkelege porten til Jotunheimen.

**KYRKJE**

St. Olavs kyrkje  
 Stad: Balestrand  
 www.sognefjord.no  
